

## Dei ti konsoliderte musea i Hordaland

| Museum                                | Samanslåing | Einingar slått saman  | Nye einingar   |
|---------------------------------------|-------------|---|--|
| Baroniet i Rosendal                   | 2003        |   |  |
| Bergen Sjøfarsmuseum                  | 2003        |   |  |
| Norsk Vasskraft og industristadmuseum | 2003        |   |  |
| Museumssenteret i Hordaland           | 2004        | Norsk Trikotasjemuseum, Bevaringstjenestene og Felleskonservator for tekniske og industrielle kulturminne i Bergen i 2004   | 2006: Kulturverntjenesten i Nordhordland<br>2007: Osterøy museum<br>2007: Havråtunet<br>2007: Lyngheisenteret<br>2010: Vestnorsk utvandringssenter |
| Sunnhordland museum                   | 2005        | Sunnhordland Folkemuseum<br>Stord Maritimt Museum   |  |
| Bymuseet i Bergen                     | 2005        | Bryggens Museum<br>Gamle Bergen Museum<br>Skolemuseet/Holbergmuseet<br>Lepramuseet<br>Damsgård Hovedgård<br>Alvøen Hovedbygning<br>Rosenkrantzårnet<br>Håkonshallen   | 2008: Hordamuseet  |
| Museum Vest                           | 2005        | Norges Fiskerimuseum<br>Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene<br>Kystmuseet i Øygarden<br>Herdla Museum Nordsjøfartmuseet   | 2008: Fjell Festning<br>2016: Bjørn West-museet  |
| KODE                                  | 2006        | Edvard Grieg Museum Troidhaugen, Harald Sæverud Museum Siljustøl, Ole Bull Museum Lysøen, Bergen<br>Kunstmuseum (Lysverket, Stenersen og Rasmus Meyers Samlinger) og Permanenten Vestlandske Kunstindustrimuseum. |  |
| Hardanger og Voss museum              | 2006        | Hardanger Fartøyvernssenter<br>Hardanger folkemuseum<br>Kvam Bygdemuseum<br>Ingebrigt Vik Museet<br>Kabuso<br>Agatunet<br>Granvin Bygdemuseum   | 2008: Voss Folkemuseum<br>2016: Dagestadmuseet   |
| Olav H. Haugesenteret                 | 2011        | Opprettet og lagt under Nynorsk Kultursentrum   |  |

### Baroniet Rosendal

Baroniet Rosendal vart eit konsolidert museum i 2003. Baroniet Rosendal har ansvar for forvaltning av 19 freda bygningar og eit kulturlandskap på over 9.000 mål. Forvaltingsansvaret omfattar mellom anna Slottet frå 1665, Rosendal have med renessansehagen, landskapsparken, den rekonstruerte Kjøkken & Urtehaven, Rosendal Avlsgard og Husmannsplassen Treo. I tillegg til faste omvisingar på slott, kyrkje og hage vert det arrangert konsertar, utstillingar, teater, foredrag og historiske seminar med utgangspunkt i stadens kulturhistorie og tradisjonar. Baroniet Rosendal

/ Den Weis Rosenkroneske stifting eig og forvalter samlingane som familien Weis Rosenkrone i sin heilskap donerte til Universitet i Oslo i 1927. Baroniet Rosendal er eit tematisk ansvarsmuseum. Det har fått kr.185 000 museumsloftsmidlar for 2017 til arbeid med ny digital historisk utstilling.

### **Bergens Sjøfartsmuseum (er ei avdeling av Museum Vest frå 2018)**

Bergens Sjøfartsmuseum stifta i 1921 vart registrert som eige konsolidert museum i 2003. Museet skal dokumentere, forvalte, forske og formidle norsk sjøfartshistorie. Museet har faste og skiftande utstillingar som formidlar sjøfartshistorie frå vikingtid til i dag. Museet har marinarkeologisk forvaltingsansvar for Hordaland, Sogn og Fjordane og Sunnmøre. Bergens Sjøfartsmuseum har ei stor samling av gjenstander, foto, bøker og noko arkivmateriale. Med nokon få unntak, er samlingane eigd av museet. Bergens Sjøfartsmuseum har inngått avtale med Museum Vest om konsolidering, med føresetnad om at staten bidrar med auka offentlege midlar. Bergen Sjøfartsmuseum fekk kr. 150 000 frå Museumsloft 2017 til å gjere fotosamlinga digital og meir tilgjengeleg.

### **Bymuseet i Bergen**

Bymuseet i Bergen vart etablert som ein konsolidert eining i 2005 og består av følgjande avdelingar: Alvøen Hovedbygning, Skolemuseet/Holbergmuseet, Brannhistoriske samling, Bryggens Museum, Damsgård Hovedgård, Gamle Bergen Museum, Hordamuseet, Håkonshallen, Rosenkrantzårnet og Lepramuseet. Dei kulturhistoriske samlingane til Bymuseet favnar eit bredt spekter av sosialhistoriske, byhistoriske og institusjonshistoriske felt frå reformasjonen og framover. Inkludert er landbrukshistorie, brannhistorie, farmasihistorie, medisinhistorie knytt til lepra og tuberkulose, tekstilhistorie, herregårdshistorie og skulehistorie. Det er framleis den enkelte eigarstifting som eig samlingane. Bymuseet i Bergen er eit regionalt ansvarsmuseum for kommunane Bergen, Fusa, Os og Samnanger. Bymuseet fekk kr. 220.000 til juridisk bistand frå Museumsloft 2017 til arbeid med revisjon av driftsavtalar.

### **Hardanger og Voss Museum (HVM)**

HVM vart etablert som eit konsolidert museum i 2006. Museet består av ni avdelingar: Agatunet, Granvin bygdemuseum, Hardanger Fartøyvernssenter, Hardanger Folkemuseum, Ingebrigt Vik museum, Kabuso, Kvam Bygdemuseum, Voss Folkemuseum og Dagestadmuseet. Avdelingane omfattar kulturhistoriske samlingar, eit kunsthus, eit skulpturmuseum, ei freda bilferje, ei freda oppgangssag i drift, eit freda mellomaldertun og eit nasjonalt kompetansesenter for fartøyvern. Museet gjennomfører innsamling, bevaring, forskning og formidling basert på kulturuttrykk frå fortid og notid. HVM er eit regionalt ansvarsmuseum for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss.

### **Museum Vest**

Museum Vest vart konsolidert i 2005 og består av avdelingane Norges Fiskerimuseum, Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene, Kystmuseet i Øygarden, Herdla Museum, Bjørn Westmuseet, Nordsjøfartsmuseet og Fjell Festning. Museet har samlingar knytt til fiskeri og havbruk, foredling og eksport. Samlinga omfattar også materiell frå andre verdskrig og den tyske okkupasjonen av Noreg. I tillegg finns samlingar om kystkultur med vekt på lokalsamfunnet si tilpassing til skiftande næringsforhold, levekår og energiproduksjon. Museum Vest er eit regionalt ansvarsmuseum for kommunane Askøy, Sund, Fjell og Øygarden. Bergen sjøfartsmuseum er no ei avdeling av museet, då det har skreve under avtale om konsolidering med Museum Vest under føresetnad om at staten føl opp med finansiering.

### **Sunnhordland Museum**

Sunnhordland Museum vart konsolidert i 2005 og har ansvar for kulturhistorisk formidling i Sunnhordlandsregionen. Museet består av fleire historiske tun, gruver på Litlabø og Halsnøy kloster og er spredt over 6 kommunar. Museet forvaltar nærare 50 antikvariske bygningar, ei stor gjenstandssamling, samt foto- og privatarkivsamlingar. Sunnhordland Museum eig samlingane. Stord Maritime Museum er frå 1.1.2017 ikke lenger ein del av Sunnhordland Museum. Sunnhordland Museum er eit regionalt ansvarsmuseum for samlinger i kommunene Bømlo, Etne,

Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio, Austevoll og Tysnes. Museet fekk kr. 380 000 frå Museumsløft 2017 til å arbeide med nettverk for maritim historie i samarbeid med lokale aktørar.

### **Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM)**

NVIM vart etablert som eit konsolidert museum i 2003. Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving for norsk vasskraftshistorie og historiar knytt til kraftkrevjande industri. Museet har som mål å bevare, forvalte og formidle kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg. Samlingane til NVIM er bygd opp rundt tema som industristaden, bygningshistorie, heim, samfunn, miljøforhold, organisasjonsliv og næringsliv. Museet skal samle inn, dokumentere, sikre, drive forskning og formidling av historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden. NVIM er eit tematisk ansvarsmuseum. Museet fekk kr. 325 000 frå Museumsløft 2017 til biletspelet Industripionerane.

### **Museumssenteret i Hordaland (MuHo)**

MuHo vart konsolidert i 2004 og består i dag av sju avdelingar: Bevaringstenestene, Havrátunet, Kulturverntenestene i Nordhordland, Lyngheisenteret, Norsk Trikotasjemuseum, Osterøy Museum og Vestnorsk Utvandringssenter. Samlingane til MuHo omfattar 2 kulturlandskap, eit nasjonalt teknisk- industrielt kulturminne, eit folkemuseum, ei bygdesamling og eit utvandarmuseum. MuHo er ein kultur- og naturhistorisk museumsorganisasjon som har til føremål å drive bevaring, forskning, undervisning og formidling av kultur- og naturhistorie frå fortid til samtid, knytt til naturlandskapet, busettings- og bygningshistorie, nærings- og industriutvikling, sosialhistorie og samferdsel. I tillegg skal MuHo utføre tenester innan samlingsforvaltning for dei konsoliderte musea i Hordaland. MuHo er eit regionalt ansvarsmuseum for kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Radøy, Osterøy og Vaksdal. Museet eig samlingane til Norsk Trikotasjemuseum, mens dei øvrige samlingane er eid av egne eigarstiftingar. Museumssenteret fekk kr. 340 000 frå Museumsløft 2017 til å utvikle samarbeidsmodell for musea i Hordaland for å sikre og vidareføre den tekstile kunnskapsarven. Prosjektet er i samarbeid med Hardanger og Voss museum og Sunnhordland museum. Museumssenteret, avd. Bevaringstenestene fekk kr. 200 000 frå Museumsløft 2017 til innkjøring og utprøving av mobilt varmekammer (fellesøknad med dei andre konsoliderte musea). Museumssenteret, avd. Norsk trikotasjemuseum fekk kr. 50 000 frå Museumsløft 2017 til utvikling av tematisk ansvarsmuseum for industriarven.

### **KODE -Kunstmuseene i Bergen**

Kode ble etablert som ein konsolidert eining i 2006 og består av Edvard Grieg Museum, Troidhaugen, Harald Sæverud Museum Siljustøl, Ole Bull Museum Lysøen og dei gamle institusjonane Bergen Kunstmuseum og Permanenten Vestlandske Kunstindustrimuseum. Komponistheimane Troidhaugen, Lysøen og Siljustøl dokumenterer det kunstneriske og profesjonelle livet til tre av Noregs aller største musikarar og komponistar. Den kommunale kunstsamlinga til tidlegare Bergen Kunstmuseum er ei samling av maleri, papirbasert kunstverk, skulpturar/video/installasjonar/objekt og møblar og andre gjenstandar. Kunsthandverk og designsamlinga til tidligerare Permanenten Vestlandske Kunstindustrimuseum består av ca 38.000 gjenstandar fordelt på møblar, keramisk arbeid, tekstilar, sølvgjenstandar/ metallgjenstandar og foto. Kode er eit tematisk ansvarsmuseum i Hordaland.

### **Olav. H. Hauge-senteret, en avdeling under Nynorsk Kultursentrum**

Olav. H. Hauge-senteret vart etablert i 2011 og er tematisk konsolidert inn i Nynorsk Kultursentrum. Stiftinga Nynorsk kultursentrum eig og driv Ivar Aasen-tunet, Allkunne i Ørsta og Olav H. Hauge-senteret i Ulvik. Det er kun Olav H-Haugesenteret som er lokalisert i Hordaland. 24 fylker, kommunar, utdanningsinstitusjonar, kulturinstitusjonar og organisasjonar står bak stiftinga. Hauge-senteret sitt føremål er å skape eit dokumentasjons- og formidlingssenter om Olav H. Hauge. Samlinga er knytt til Olav H. Hauge sitt liv og verk, og inneheld materiale som lyrikk, romanar, litteraturteori, filosofi, psykoanalyse og religiøse skrifter. Nynorsk kultursentrum fekk kr. 150 000 frå Museumsløft 2017 til prosjektet *Økland-huset: eit forprosjekt for ny modell for forvaltning og drift av kunstnarheimar*. Prosjektet er i samarbeid med Sunnhordland museum.